

● Bilen til Bjørn Sæther brann og blei totalvraka ein maidag i fjor. Etter det hamna han i konflikt med

– Eg er i sjokk over framfer

Etter at bilen til Bjørn Sæther tok fyr og brann opp på Brandal 15. mai i fjor, har han hatt ein kamp mot Sparebank 1 Skadeforsikring om erstatning.

– Det var forferdeleg. Eg var fullstendig i sjokk, seier Sæther om då bilen hans tok fyr og brann opp på Brandal, som om det var henta ifrå ei scene i ein actionfilm. Flammor stod fleire meter opp i lufta.

Han minnest den dagen med gru, men det største sjokket fann han i postkassa ein av dei første januardagane i år. I brevet frå forsikringsselskapet lyste setningane imot han:

– **Brannforløpet, slik du har forklart det, kan vi ikkje sjå at stemmer.**

– **Dine forklaringar avvist av Kripos.**

– **Vi er av den oppfatning at brannen er påsett.**

– **Det kan utelukkast at andre enn du skulle hatt grunn og anledning til å utføre ei slik handling.**

Og til slutt:

– **Slik saka nå står fram, vil den ikkje bli erstatta av oss.**

Då hadde saka rulla og gått i meir enn eit halvår. Sæther hadde heilt andre forventningar då han opna brevet.

– Eg trudde at saka endelig var avgjort og at eg fekk erstatning. Dette kunne eg ikkje føresett i min villaste fantasi, at eg skulle bli skulda for å ha tent på min eigen bil. Eg berre sat der og stira på brevet i minutt etter minutt. Eg forstod det ikkje, seier Sæther. Etter at han fekk avslagsbrevet, blei det mykje bekymringar og mange vakeletter for Hareid-mannen.

Men kva skjedde ifølgje Sæther den maidagen då bilen brann opp?

Høyre spraking

– Eg skulle kvitte meg med nokre sekker med spon og avfall etter kaninane våre. Vi dreiv kaninoppdrett på den tida og det blei mykje avfall. På veg til Brandal registrerte eg sprake-lyd i høgtalarane og at displayet på radioen gjekk i svart, men eg reflekterte ikkje noko særleg over det. Eg kom fram og starta med å tømme sekkane utfor ei skråning litt unna bilen. Etter nokre minutt, då eg kom tilbake til bilen etter å ha tømt tre sekkar, såg eg flammor innvendig på høgre side av dashbordet, fortel Sæther.

Han seier han reiv opp døra og fekk redda ut nokre DVD-spelarar. Han fekk òg skrudd av tenninga på bilen som hadde stått og gått. Flammene eskalerte raskt. Etter kort tid var bi-



BRANNSTADEN: Bilen til Bjørn Sæther brann opp på Brandal i mai i fjor. Forsikringsselskapet meiner han tente på bilen sin sjølv. Sæther har klaga på handsaming av saka heilt til Finansklagenemnda, som unnlét å ta stilling til bevisspørsmålet og sende saka frå seg for eventuell vidare handsaming i rettsvesenet. Den risikoen tør han ikkje ta.

len, ein Volvo XC-90 2003-modell, overtent.

– Medan eg ringde til brannvesenet så small det. Dieseltanken var full og eksploderte. Det heile var ein fullstendig sjokkerande oppleving, seier han.

●● – **Eg har ingenting å skjule, men eg tør ikkje ta kampen mot eit selskap som har så mykje større ressursar enn meg inn for ein domstol**

Bjørn Sæther

Politiet kom til brannstaden og gjorde avhøyr. Dagen etter

melde Sæther skaden inn til forsikringsselskapet sitt, Sparebanken 1 Skadeforsikring.

Han seier dialogen med selskapet var god den første tida, og 14. juni hadde han møte med selskapet sin utreiar.

– Eg opplevde det som eit nytt avhøyr, men det var heilt greitt, eg hadde ingenting å skjule. Utreiaren gjekk veldig grundig til verks. Vi gjekk gjennom ei mappe med historikken til bilen og var på brannstaden. På slutten av samtalen la han fram ein rapport som var laga av ein tekniskar som hadde demontert motoren på bilen. Den sa at motoren hadde så store slitaskadar at den ville ha laga ein vedvarande dunkelyd. Utreiaren ville vite korleis eg stilte meg til dette.

Sæther seier han blei sjokkert over informasjonen.

– Dette var heilt nye opplysningar for meg, for motoren var bytta i 2011 og hadde berre

gått 110.000 km. Det hadde heller aldri vore unormale lydar frå motoren, fortel han.

Motivet

– Motivet ligg i den omfattande kostnaden det ville vere å utbetre feil på bilen, skriv Sparebanken 1 i avslagsbrevet frå januar i år.

Forsikringsselskapet meiner at Sæther har gitt uriktige opplysningar om tilstanden til bilen og at den hadde omfattande motorslitasje. Dei meiner at den høge kostnaden på utbetring av motorslitasjen, anslagsvis 45.000 kroner, gav han motiv til å sette fyr på sin eigen bil.

– Du har sjølv hevda at du ikkje kan høyre slike lydar, noko vi ikkje ser på som truverdig. Kripos har avdekket lett fyringsolje/diesel frå golvet framfor passasjeret der du har forklart å ha sølt tennvæske to veker før brannen. Kripos

avviser funn av noko slikt, Tennvæske eller Antibac er absolutt ikkje funne, skriv forsikringsselskapet mellom anna i avslagsbrevet. Då Sæther fekk avslaget i posten hadde politiet allereie avslutta etterforskinga si. Politiet kom til at saka måtte leggst bort på grunn av bevisets stilling.


●● **Påstanden frå forsikringsselskapet er veldig belastande**

Bjørn Sæther

I tida før politiet la bort saka hadde han forsøkt å rekonstruere årsaker til at bilen brann så hurtig. Sæther hadde komme på ein episode eit par veker før brannen då han hadde sølt tennvæske på golvet ved eit uhell, òg at det var ei flaske

til forsikrings-selskapet sitt:

'da til selskapet



TOTALSKADD: Bilen, ein Volvo XC-90 2003-modell, blei fullstendig øydelagd av brannen. Bilen hadde ein verdi i overkant av 90.000 kroner, meiner forsikrings-selskapet. **FOTO:** POLITIET



KAN IKKJE TRU DET: Sæther legg ikkje skjul på at det er vondt å ikkje bli trudd. Han er klar på at han er utan skuld i saka.

Antibac både i hanskerommet på bilen og i kona si veske på golvet.

Alt dette hadde han forklart både til politi og forsikrings-selskap, som begge så bort ifrå dette som moglege forklaringar på brannen eller som årsak til at den eskalerte så raskt som den gjorde.

Klageprosess

Etter avslaget henta Sæther inn dokumentasjon frå to lokale verkstader som tidlegare hadde reparert og køyrd bilen. Dei gjekk god for at det ikkje hadde vore ein ulyd i motoren. Han henta òg inn ein utsegn frå ein importør av fabrikkoverhalte motorar på Austlandet. Gjennom bileta som forsikrings-selskapet hadde teke av motoren vurderte importøren at det var ein del slitasje på motoren og at det ville vere naturleg å tru at dette kunne gje lyd.

– Men dersom det er så ille

som forsikrings-selskapet påstår, så ville verkstadane ha oppdaga dette og gitt beskjed til deg, seier motorimportøren. Det gjorde dei ikkje.

Sparebank 1 Skadeforsikring av slo ein ny klage. Deretter klaga han saka inn for Finansklagenemnda.

Dei avviste saka med den grunngevinga at saka ikkje egna seg for skriftleg handsaming og at bevisspørsmåla måtte takast munnleg i ei hovudforhandling. Altså for ein domstol.

– Eg har ingenting å skjule, men eg tør ikkje ta kampen mot eit selskap som har så mykje større ressursar enn meg inn for ein domstol. Eg kan ikkje ta risikoen med å måtte betale sakskostnader om eg skulle tape i ei rettsak.

Der står saka for Sæther no. Fleire i lokalsamfunnet er kjent med at bilen hans brann.

Kollegaer, vener og andre

spør om korleis det går med forsikrings-saka. Han opplever det som ei byrde.

– Eg forklarar det slik det er. Forsikrings-selskapet seier det er overvegande truleg at eg har sett fyr på bilen min, altså meir enn 50 prosent. Men i denne saka er det bevismessig tvil, og sidan påstanden frå forsikrings-selskapet er veldig belastande, det vil si at den kan ødelegge eins gode namn og rykte, så burde bevisskravet vore mykje strengare, seier Sæther.

I klage både til forsikrings-selskapet sitt klageorgan og til Finansklagenemnda har han argumentert for dette, men han har ikkje fått gehør.

Sæther oppfattar ikkje klagehandsaminga som rettferdig, og han meiner dei ikkje tek omsyn til kor belastande skuldingane om forsikrings-svik er.

HARALD SKOTHEIM
harald.skotheim@smp.no
MARIUS SIMENSEN (FOTO)

– Grundig handsama

Sparebanken 1 meiner dei har gjort ei grundig handsaming av saka til Sæther. Dei anbefaler han å ta saka til domstolen om han ønsker ei ny vurdering.

– For å finne årsaka til skadehendingar som denne gjennomfører vi alltid tekniske undersøkingar. Denne saka har vore grundig handsama av både brannteknikarar og av juridisk avdeling. Vi har òg handsama klage grundig, seier Simen B. Rudi, kommunikasjonssjef for forsikring i Sparebanken 1.

– I denne saka involverte òg lokalt politi Kripos relativt raskt. Kripos fann spor av flyktig brennbar væske saman med lett lettenneleg materiale, og har utelukka tennvæske og Antibac. Undersøkinga avdekkar ingen spor av kortslutning eller anna el-teknisk svikt.

Rudi oppmodar Sæther å ta saka inn for domstolen.

– Den beste måten vår kunde kan løyse denne saka er å ta



GRUNDIG: Simen B. Rudi, kommunikasjonssjef forsikring i Sparebanken 1. **PRESSEFOTO**

den til rettsapparatet, som òg Finansklagenemnda anbefaler han å gjere. På den måten vil kunden få saka vurdert på ny i ein uavhengig instans, og om han skulle vinne fram så vil rettshjelpsforsikringa hans dekke utgifter som kostnad til advokat, seier Simen B. Rudi.

HARALD SKOTHEIM
harald.skotheim@smp.no

– Dei fleste gir opp

Ekspert i forsikringsrett meiner det er stor belastning å verte skulda for svik og at det er betydeleg risiko for ein forsikringstakar å ta ei sak til domstolen.

Advokat Christian Lundin i Advokatfirmaet Ness Lundin DA har forsikringsrett som spesialfelt.

Han påpeiker at han ikkje kjenner saka til Bjørn Sæther, men at han uttalar seg på generelt grunnlag.

– Dersom forsikrings-selskapet hevdar at forsikringstilfellet er gjort forsettleg følger det av klar høgsterettspraksis at det er skjerpa bevisskrav. Det held ikkje at forsikrings-selskapet klarer å sannsynleggjere med meir enn 50 prosent. Årsaka til det er at det inneber ein påstand om ei sterkt klanderverdig handling. Det er ein fortvila situasjon for dei som blir utsette for slike påstandar frå forsikrings-selskapet, seier han.

Ifølgje Lundin brukar forsikrings-selskap svært mykje ressursar i slike saker. Han seier òg at selskapa ofte intervenserer i politietterforskinga.

– Forsikringstakaren på si side har ikkje mogelegheit for å matche eit slikt apparat. Det er svært belastande å bli utsett for ei slik skulding, og fordi saka gjeld svik vil han heller ikkje kunne bruke rettshjelpsforsikringa si til å engasjere advokat og andre sakkunnige, seier



EKSPERT: Christian Lundin har forsikringsrett som spesialområde. **PRESSEFOTO**

Christian Lundin.

Dermed må ein finansiere ei sak i rettsystemet av eigen lomme.

– Forsikringstakaren er prisgitt oppsparte middel eller nokon som kan støtte økonomisk eller som har mogelegheiter for å finansiere ei sak. Det å ta ei sak framfor ein sak for domstolane inneber ein betydeleg belastning og risiko. For det første er utfallet i saka som oftast usikkert, ei sak tar lang tid og kostar mykje pengar, og ein risikerer å måtte betale motpartens sakskostnader i tillegg til sine egne. Mi erfaring er at dei fleste gir opp anten fordi dei ikkje har ressursar eller rett og slett ikkje orkar belastninga med ei sak, seier Lundin.

HARALD SKOTHEIM
harald.skotheim@smp.no